


# ORKDAL MENIGHETSBLAD

Nr. 6 JUNI 1979 29. årgang


# Søvasskjølen Fjellkirke

**Intervju med formannen i styret Tormod Hagen**

Vi spør formannen i styret for fjellkirka Tormod Hagen om hvordan situasjonen er etter siste rådsmøte?

Ja, sier Hagen, vi hadde rådsmøte den 5. mars samman med de 4 sokneråda i Orkdal, fordi det er de 4 sokneråda som står som oppdragsgivere for rådet. Vi la da fram for møtet heile saka slik den står i dag. Vårt spørsmål til møte var om vi skulle brems litt eller arbeide videre med saka. Det ble da klart at en ville arbeid videre og få fjellkirka bygd så snart som mulig.

Etter dette er der oppnevnt noen underutvalg som skal ta seg av spesialområder. Det er for det første et økonomiutvalg som skal ta seg av den økonomiske siden av byggeprosjektet, og videre er det meningen å sette sammen en byggekomite for å ta seg av det bygningsmessige.

Mange menneker lurer på om vi kan makte den økonomiske siden av et såpass stort bygg. Hvordan ligger det egentlig an med finansieringa av fjellkirka?

Hele fjellkirka er kostnadsberegnet til 1,3 millioner kroner. Dette beløpet er basert på leid arbeidskraft til alt arbeid, og uten prosenter på bygningsartikler. I rede penger har vi nå 200.000 kr. Og vi får stadig inn penger, — det kan være gaver, kirkeoffer, eller salg av «byggeklosser». Dessuten har vi lånetilsagn og lån på tilsammen 435.000 kr. Vi har fått statstilskudd til strøm på 60.000 kr. Og hvis vi da regner med 100.000 kr. i dugnadsinnsats så kommer vi opp i 795.000 kr. Billig arbeidskraft og prosenter på byggematerialer vil også utgjøre en vesentlig sum.

Hvis finansieringsplanen er i orden, er det da klart for å sette i gang? «Ja, det gjenstår altså nå, — først marka blir opptinet å få klarlagt kloakkeringsforholdene. Dette vil bli bestemt så snart grunnundersøkelsene er foretatt på forsommeren i år. Når dette er klarlagt kan en begynne å bygge så snart finansieringa er i orden.

Tomtespørsmålet er altså klart? «Ja, tomta er gitt som gave fra Det Norske Misjonsselskap og er skylddelt og skjøtet. Tegninger er innkjøpt, veigrunn er gitt, — en regner med å få en avtale med beitelaget om felles bruk av veien.

Så et spørsmål til slutt. «Har du tro på fjellkirka?» «Her vil jeg svare et ubetinget ja. Til å begynne med var jeg litt i tvil om hvilken løysing som var den beste, men etter å ha sett Skirva Fjellkirke, som er maken til vår, har jeg ikke vært i tvil om at dette er den beste løysing også i vårt tilfelle.

**P. S.**



*Bildet viser Skirva Fjellkirke. Slik Søvasskjølen fjellkirke vert.*

## SLEKTERS GANG

**Døpte**

**Orkland**

29. april Anders Lie
24. mai Anita Hårstad
24. mai Kari Hoston
3. juni Terese Dragset

**Orkanger**

8. april Hilde Katrin Klukstad
15. april Fride Haugen
29. april Per Kristian Mogstad
6. mai Thomas Grøttvik
20. mai Kjell-Arnfinn Kvarsnes
6. mai Laura Iren Leknes
27. mai Maria Gjerde
27. mai Ragnhild Rostad

**Orkdal.**

22. april Vegard Rehaug
29. april Renate Dørdal
6. mai Laura Iren Leknes
13. mai Vidar Espås
13. mai Anne Berit Aunemo
24. mai Ståle Skogset
24. mai Hanne Forbord
3. juni Jan Rune Rundhaug
3. juni Bjørn Håvard Solem
3. juni Arne Morten Svorkmo
3. juni Ole Kristian Sjømæling
3. juni Nina Kirkaune



**Vigde**

**Orkland.**

28. april Ivar Fagerli og Karin Bredesen.
26. mai Erling Magne Monset og Anne Mette Høston.

**Orkanger**

7. april Lasse Lønseth og Turi Holm.
7. april Terje Olsen og Ann Helen Engan.
21. april Tore Grøttvik og Randi Synnøve Monsen.
26. april Halvor Jensen og Torill Kielland.
28. april Odd Gunnar Karlsen og Inger Marit Hervik (vigd i Meldal)
28. april Terje Bjørkås og Guri Ree (vigd i Meldal.)

**Orkdal.**

28. april Ola Didrik Heien og Else Våberg.
12. mai Alf Morten Øien og Heidi Anita Olsen.
9. juni Gunnar Jarle Lund og Grete Elin Rise.



**Døde**

**Orkland**

19. mars Jørgen O. Berbu f. 1901
21. mai Leif Atle Rye f.1964
30. mai Ingebrikt Asbøll f. 1889
31. mai Rasmus Simonshaug f. 1891
1. juni John Vormdal f. 1902

**Orkanger**

31. mars Ole Frantzvåg f. 1910
6. april Dagny Rømmesmo f. 1904
7. april Nils Peder Svendsen f. 1903
22. april Karsten Parelius Sommervold f. 1913
28. april Per Leknes f. 1939
10. mai Jenny Marie Mælen f. 1901
11. mai Ingrid Martinsen f. 1929
13. mai Olaf Oddli f. 1901
21. mai Berit Halsen f. 1911

**Orkdal.**

3. april Ragnhild Metli f. 1904
4. april Ingvald Holden f. 1916
22. april Martin Skjenald f. 1910
5. mai Ole Kårmo f. 1892
5. mai Hansine Tiseth f. 1892
6. mai Berit Rygh f. 1903
14. mai Henry Kolberg f. 1910
1. juni Johanna Klungervik f. 1921

**OPPFOTOGRAFERING AV GAMLE BILDER**

**Gjør familieveggen komplett. Vi hjelper Dem med dette.**

Fotograf Kvarsnes

Plater og musikkassetter stort utvalg i gitarer.

**Tlf. 80 356 Orkanger**

**Kvinneforeningsstevne**

på Orkanger kl. 14. Ottar Hyldmo og Finn Evensen.

## *Du er misjonær*

Som en kristen ER du misjonær. Spørsmålet er om du er det godt nok. Om du FULLFØRER din tjeneste etter Jesu bud.

Apostelen slår fast: «idet I er blitt frigjort fra synden (blitt frelst), er I trådt i rettferdighetens tjeneste( misjon)». Rom. 6, 18. Engasjementet i misjonen er en naturlig og selvfølglig konsekvens av å bli frelst. Guds mening med vårt liv som kristne er ikke at vi skal leve for oss selv, for å få det så godt som mulig her i livet. Slik har de fleste innrettet seg. Gud får noen små smuler fra de rikes bord, mens vi har glemt at både kroppen vår (Rom. 12, 1) og gullet vårt (Hag. 2, 8) hører Herren til som et offer.

Gud mente du skulle være misjonær. For Han betyr det intet om hudfargen er lys eller mørk, om vi slapper av under en bjørk eller ei palme, bare sjeler vinnes for Guds rike og vi blir rede til å møte Jesus når han kommer. Det er hovedsaken. Alt arbeid som sikter mot dette er misjon.

Så har han plassert deg et sted forat du skulle være misjonær. Var du lydig mot kallet? Eller med andre ord: har du gått inn i den Guds-tjeneste (Rom. 6, 22) du fikk i gjenfødelsen? Kan det sies om deg at du «gjorde det du kunne» (Mark. 14, 8) når tjenesten er slutt? Har vi gjort tjenesten godt NOK?

Mange av oss må vel slå øyet ned og stamme fram: nei. I den situasjonen må vi ikke fortvile og gi opp. Etter bekjennelsen og syndstilgivelsen skal vi få reise oss frimodig i ny kraft. Gå ut til om mulig større innsats. Også tjenesten er nåde. Det gir frimodighet.

**NDH.**



**MENIGHETSBLAD**
**for Orkdal prestegjeld**
7330 Svorkmo

Utgitt av sokneråda i Orkdal

Redaksjonsnemnd:
**Gunerius Kjøren Jorhild Ljøkjel**
**Agnes Singstad**

Redaktør: Bertel Aasen

Kasserar:
**Einar Garberg, 7320 Fannrem.**

Postgironummer 3 26 87 29.

Takk for gåver og kontingent.

Ekspedisjon:
**Sigmund Gjelsvik, 7300 Orkanger.**

Svorkmo Prenteverk A/S, Svorkmo
7330 Svorkmo.

## *Fjellkyrkja*

Iveren etter å få reist ei kyrkje på Kjølen er framleis stor og levande mellom folket i Orkdal og omkringsliggjande bygder. Ein kan tydeleg merke at dei har tru på at dette vil lukkast. — Interessa vert ikkje vist berre i ord, men i handling. Vi ser det på dei store og små pengesummar som stadig kjem inn. Og no vil vi satse eit skikkeleg krafttak før vi let startskotet gå. Truleg vert det alt i sommar eller til hausten starta opp med førebuande arbeid. — Så no treng vi alle pengar som kan komme inn.

I dette kyrkjebladet ligg det ein giroblankett der du kan sende inn eit beløp frå 1000 kr. og nedover til 25 kr. Vi vonar at mange vil nytte dette innbetalingskortet og på den måten vise at dei støttar oss framleis i arbeidet. Du skal få attende ein fin byggekloss til minne om din innsats for å reise dette viktige reiskap i Guds rikes arbeid. La det strøyme inn midlar til kasseraren.

Her er mange som gjennom bønna har vorte overtydd om at denne saka er etter Guds vilje, derfor har det vorte satsa. La det bli mange folda hender som ber om at alle praktiske og økonomiske vanskar må løyse seg. Ja, be om at vi snart kan få reist fjellkyrkja vår. Vi treng den.

**B. Aa.**

## Byggeklossane

Det er trykt opp ei stor mengde byggeklosser som er fordelt rundt i Trøndelag. På dei er følgjande summar påtrykt: 1000 kr., 100 kr., 50 kr. og 25 kr.

Vi vonar at veldig mange ynskjer å sikre seg ein byggeklosse med pålydande sum kr. 1000,—. Tenk over om du kan satse så mykje. Truleg kan du det. Vi treng nettopp di støtte. Er det vanskeleg å gå så høgt, er vi svært takksame sjølvsagt for alle legre summar. La ikkje den vedlagde innbetalingsblankett hamne i søppelkorga. Bruk den! Send den straks! På førehand takk! — Du vil få tilsendt kvittering i form av byggekloss. — Veit du, det er alt komme inn mange tusen på desse byggeklossane.

## Dugnad

Vi treng mange som melder seg til dugnad. Det er alt vorte mange, ikkje minst fagarbeidarar, men der er bruk for innsatsen til langt fleire både faglært og ikkje faglært arbeidskraft. Sei frå til undertegnede om du kan tenkje å gjere ein innsats. Også det er ei stor gåve vi set pris på. Ring: Bertel Aasen, 84188.

## Tømmer

Er det fleire gardbrukarar eller skogeigarar som kunne tenkje seg å gi 5, 10, 15 m³ tømmer (gjerne enda meir). Også dette vil vere ein stor gåve til å få realisert fjellkyrkja. No kunne ein vel aller mest ønskje at tømmeret i tilfelle vart levert til bilveg, men vi er og svært interessert i tømmer på rot. Kunne du tenkje deg ei gåve på denne måten, så er det berre å ringe Bertel Aasen 84188.

**Byggekloss**

til
Søvass-
kjølen
Fjellkirke

Kr. 100.—

Takk
for gaven!



# Kvifor treng vi Søvasskjølen Fjellkyrkje?

**Vi har kontaktet en del personer og prøvd å få svar på dette**

Mange vil seie vi treng ho slett ikkje. Men er det heilt gjennomtenkt, det er mykje ferie og fritid som skal fyllast med innhald.

På Kjølen er mange hytter og fleire skal det bli.

Tenk deg ein dag på fjellet i Guds skjønne natur, også ei stille stund i kyrkja der Guds fred kan senke seg over konfirmant, ungdom, eldre og handicappede.

Kyrkja har og fleire funksjonar enn gudstenester, så som konfirmantleirer, weekend og kurs. Vi treng kyrkja. Det trengs eit slikt tilbud og alternativ i ei tid da mest alle miljø flyt over av alkohol. Vi har for mykje fin ungdom til å øydeleggast på ein slik måte.

Lat oss kvar og ein som føler ansvar vere med og gjera kva vi kan for at fjellkyrkja kan reisast og bli til velsigning.

**Målfrid Kvikne**

*

Først fordi vi ikke kommer forbi Jesu **ordre** om å gå ut og vinne menneskene for himmelen, dernest ønsker jeg at Fjellkirka skal være et tilbud til de tusenvis av friluftsfolk som ferdes på Søvasskjølen, sommer som vinter. Det er mange **trette vandrere,** og vi vil gjerne de skal få anledning til å komme inn der å få hvile, både for kropp og sjel. Vi ønsker kirka skal stå der som et **hjem,** der **alle** kan møtes, og kjenne vi trenger hverandre og kan hjelpe hverandre. Derfor mener jeg det er viktig å få den ferdig så fort som mulig. Oppdraget er fra Herren, vi må bare være villige redskap.

**Agnes Singstad**

**KYRKJE PÅ SØVASSKJØLEN.**

Søvasskjølen har til alle tider vore eit fint rekreasjonsområde for bygdelaga som låg opptil området. Sætereigarane gledde seg når våren var så langt komen at sæterflyttinga sto for døra. I åra før folket vårt vart så heilt motorisert, kom nokre hytteeigarar etterkvart til. Før siste krig var det vanleg at ungdomslag og idrettsungdom laga istand fotturar opp på Kjølen — ofte slik at dei treftes med folk frå andre sida av fjellheimen. I turismens barndom vart også eit turisthotell bygd. Men enda var det slik at det å koma seg frå Trondheim og ut i dette terrenget, det var ikkje for kvar manns lommebok.

Slik er det lukkelegvis ikkje idag. Søvasskjølen er forlengst oppdaga av «mangmannen» både i Trondheim og i bygdelaga ikring byen. Og alle har økonomi for å koma seg ut i luft og sol. Kjøln er da også det desidert største og finaste utfartsområde i rimeleg avstand frå Trøndelags hovudstad. På fine sommardagar kan ein sjå turfolk innetter kvar ein sti og på dei største utfartshelgene i skissesongen har det vore rekna opptil 4000 bilar plassert i området inn til «vidda». Dette betyr at opptil 16000-20000 menesker har gleda av å koma seg ut i naturen — «på Vår Vidde». For mange av desse menneska var utfartssøndagen eit dilemma. Dei ville så gjerne ut i sola — samstundes som dei også hadde hug til å høyra Guds ord: — — «halda kviledagen heilag». Somme greide å kombinera dette ved å ta med seg ein transistor. Så fekk dei rekreasjon for kropp og rekreasjon for sjel. Dei fleste gjekk vel helst glipp av det søndagen helst skulle gje' dei.

Dei siste 20 åra er det bygd utfartskyrkjer i svært mange av rekreasjonsområda i landet vårt. Overalt syner det seg at slike sportskapell fylles til trengsel. Jamvel to gudstenester lyt dei halde somme stader. **Dette syner behovet som sikkert også finnes på vår kjøl.** Det er kyrkjelydane omkring Søvasskjølen som i første rekke har ansvaret for at ei «Fjellkyrkje» på Kjølen blir bygd. Økonomisk skulle det heller ikkje vera vanskeleg å få det til. Toppfinansiering manglar 200 000 kr. Vil ein sleppa å «veie fingrane av seg» var det ønskeleg om vi kunne greie 300 000 kr. Er dette mogeleg? Ja, så klårt.

Eit lite reknestykke til slutt. I dei to prestegjelda — Hemne og Orkdal som «eig» Søvasskjølen bur det omlag 16000 mennesker. Ca. 10 000 av desse er vaksne mennesker i arbeidssituasjon. Om kvar av oss kjøpte ein «byggekloss» til kr. 25 vart det 250 000 kr. Om vi var så flinke at vi kjøpte to «klossar» hadde vi straks 500 000 kr. Om nokon ikkje er så ivrige, så får dei ivrige være det dobbelt opp.

**Vi får la det gå sport i dette: ung og gamal — kjøp ein byggekloss. Den kostar berre 25 kr. Med det same du har lommeboka oppe så kjøper du gjerne to steinar.**

**Vel møtt i «Fjellkyrkja» sommaren 1980.**

**Kaare Rogstad**

**SØVASSKJØLEN FJELLKIRKE**

postgiro 3675436 GJØLME.

EI KIRKESAK FOR ALLE I ORKDAL.



La oss bygge fjellkirke på Søvaskjølen snarest, ikke først og fremst for kirka sin del, et namn må alt ha. La oss heller kalle det en institusjon der en kan ha leirar for konfirmanter, ungdom og born. Tida har forandra seg så kirka må ut for å nå alle. Vi har eldre og skolelag av ymse slag som vil ut, og da må de ha ett sted og dra til, derfor trengs både kokemuligheter, samt sengeplass, (ikke hotell som somme antyder).

Sokneråda og de ansvarlige har her en stor oppgave som det ikke går an og skue unna seg. Så støtt opp alle som føler ansvar for Guds rikes arbeide.

**Gunerius Kjøren**

*

**HVORFOR TRENGER VI SØVASSKJØLEN FJELLKIRKE?**

Starten var vel egentlig de sportsandakter sogneprest Koren begynte med på Søvasskjølen i påskehelgen. Og at det var et behov for de som søkte ut i naturen også å få møte budskapet er ikke å ta feil av. Dermed var ideen til ei Fjellkirke der. Og de første ofringer ble gjort i Orkland.

Utfarten på Kjølen er økt med årene. Folk har behov for å komme bort fra stress, for å slappe av i helger og ferie. Og behovet for Fjellkirka er dermed blitt større. Søvasskjølen er blitt en menighet i menigheten. Fjellkirka skal være et sted alle kan bruke også som utfartssted, fra de unge til de eldste.

La oss legge offerviljen til, og reise Fjellkirka snart! Den første Nordanfjelds.

En dag står den der! Kanskje kan ei overflødig matklokke fra et stabbur i Orkdalen få kalle sammen til gudstjeneste i Søvasskjølen Fjellkirke!

**Jostein Dalen**

---

# FRIDOM

Få ord er i vårt land så misbrukt som dette. Mange oppfatter ordet som rett til «friheter». Det er vel også dei som i lovverket gjerne skulle sjå at det sto ein § slik: Alle nordmenn skal ha lov til å gjera det dei vil, og la være å gjera det som eg ikkje vil.

I røynda finns det vel ingen fridom utan vilkår. Fridomen kan ikkje gå lenger enn nestens fridomsgrense. Dei 10 bud fortel oss dette.

Mange overser dette og tar seg friheer. Dei vil før eller seinare oppdage at dei var bundne av sine eigne lidenskapar og luner.

Anten er vi fange i vårt eige ego eller vi er knytt til Jesus Kristus. Det er mellom desse to muligheter at mennesket har sin fri vilje til val.

Fri og bundet — samme sak under faderhusets tak.

**K.R.**

---

**OM Å MINNAST DEI SOM HAR GATT BORT —.**

Eg har høyrt gjete at det i sume kyrkjer utover i landet er brukeleg å minnast dei som døydde innan menigheta i den siste månaden. Dette går visst for seg på den måten at presten les opp namna på dei som er gått bort, — at kyrkjelyden skal minnast desse i takksemd over kva dei som er slekt, menighet, kommune, folk og land, og han lyser fred over minnet til desse som er gått bort.

Eg rettar spørsmålet til soknerråda i bygda om dei vil taka opp dette til drøfting, — tykkjer dette vil vera ein overmøte vakker skikk i vår gudsteneste.

Må seie at eg ikkje har kome på dette av meg sjøl, men ei mykje kyrkjeleg interessert kvinne har bede meg om å skrive om dette, men eg er heilt samd i kva ho meiner.

**Kn.L.**

# *Guds kjærleik*

*Kor lengtar sjela attende*
*til tida før menneskje fall.*
*Kor lengtar no sjela å kjenna*
*atter Guds kjærleik vald.*

*Kvi braut då menneskja banda*
*som batt deim til kjærleik fast?*
*Kvi kunne ikkje jordeborni sanna*
*at aldri Guds kjærleik brast?*

*Menneskje vend — kom attende!*
*Sjå å få fred med Gud!*
*Han ventar deg — derfor han sendte*
*deg sonen — sitt frelsarbod.*

*Guds kjærleik er sjølve livet —*
*det han oss ga eingong.*
*Alt, jamvel minste sivet*
*syng Hans Kjærleiks song.*

*Margit Antonsen*

---

# Hørt på maken!

Jeg kan ikke gjøre noe for Gud, jeg. For jeg har seks barn hjemme, sa en kvinne forleden bekymret.

Erklæringen røper et sørgelig skjevt syn på det kristne arbeid. En har ofte det inntrykk at skal en «gjøre noe for Gud», så må det skje på bedehuset og i organisert foreningsarbeid. Har man ikke nådegave til å utøve noen tjeneste innenfor bedehusets fire vegger, så føler man seg ubrukelig og unyttig.

Men hvem har sagt at Gud skal tjenes bare gjennom aktiv foreningsvirksomhet? Så ikke denne mor at hennes seks barn var hennes oppgave! Hvem skulle ellers ha sjanse til å «gjøre noe for Gud» enn en mor med seks barn? Er ikke det å lære å oppdra sine barn til gudsfrykt en fullverdig tjeneste i Guds rike?

Vi må bli hverdagskristne og ikke bare møtekristne. Våre daglige omgangsfeller, våre arbeidskamerater, våre skolekamerater er vår oppgave. Vi må se til å «vandre i de gjerninger Gud har lagt ferdig til oss».

**Fr. H.**

# LEIRAR

## HEI!

Du innbys til sommerleir!

Mange av dere har vært på leir før. Men både nye og gamle «leirtravere» vil vi gjerne treffe. «Leirstedene» er litt på forskjellige plasser i kretsen. Hitra, Lysøysund, Stølen, Budal, Fredly, Bergsli. Kretsen er stor, og forat det ikke skal bli så langt å reise vil vi prøve det slik. Vær med og gjør leirene kjent blant dine kamerater og venninner.

Velkommen til trivelig leirdager, med turer, lek, bibeltimer, idrettsaktiviteter, hyggekvelder og mye mer.

Mottoet vi samles om er dette:

*«Jesus har noe å si deg.»*

Kontakt Trøndelag Indremisjonskrets, Prinsensgt. 22 b, 7000 Trondheim, telf. 22131 for nærmere opplysninger.

*Randi Korsveien*

---

## Det Norske Misjonsselskap,

Trøndelag krets har følgende leirer i sommer:

*Mjuklia Ungdomssenter, Berkåk:*
23. - 27. juni: 13-15 år.
28. juni - 1. juli: 9-11 år.
2. - 6. juli: 10-12 år.
9. - 15. juli: Familiearbeidsleir.
16. - 22. juli: Arbeidsleir for ungdom.
2. - 5. august: 11-13 år.
9. - 12. august: 9-12 år.

*Laberget leirsted, Skogn:*
23. - 26. juni: 9-13 år.

*Barmand skole, Hitra:*
28. juni - 2. juli: 9-13 år (sammen med Indremisjonen).

*Aset skole, Åfjord:*
5. - 8. juli: 9-13 år.

*Bakksæter gård, Orkdal:*
2. - 8. juli: Arbeidsleir for ungdom.

*Fjell-leirer i Trollheimen:*
30. juli - 4. aug.: Fjellfamilieleir.
6. - 11. august: Fjellvandringsleir.
6. - 11. august: Villmarksleir.

Program og innmelding N.M.S. kretskontor Sommerveiten 4, 7000 Trondheim. Tlf. 075/23 780.

---

## Den Norske Santalmisjon, Trøndelag krets innbyr til

*Misjons-sommerskole på Trøndertun, Melhus, 26. - 29. juli*

Misjonstimer. Bibeltimer. Utflukt.

Som talere deltar kretssekretæren i Sunnmøre, *pastor Henry Giske* og *misjonsprest Magnus Haugstad*, som i mange år har vært i Bhutan.

Vi bor, spiser og har alle møtesamvær på skolen.

Hele oppholdet koster kr. 300,00.

Ingen aldersgrense.

Avsett disse dager til kombinasjon ferie og samling om Guds ord og misjonens sak.

Hjertelig velkommen.

Innmeldink innen 16. juli til Santalmisjonens kretskontor, Kongens gt. 14 b, 7000 Trondheim. Telef. 21255.

---

## 150 år -- to ganger

Den tyske okkupasjonsmakten har den tvilsomme æren for at vårt lands eldste misjonsblad har kunnet feire 150-årsjubileum to ganger. I 1977 var det 150 år siden bladet utkom for første Missions-Blad, men først i år går gang, under tittelen Det Norske bladet, som nå heter Misjonsblad for Israel, i sin 150. årgang. Dette skyldes at bladet, i likhet med mange andre periodiske publikasjoner, under krigen ble forbudt og ikke fikk utkomme i årene 1942 - 45.

Misjonsblad for Israel utkommer i et opplag på 15000 eksemplarer og har satt seg som mål å verve 3000 abonnenter til i jubileumsåret.

**Til våre abonnenter!**

Vi må meddele våre abonnenter at „Missionsblad for Israel" dessværre ikke får tillatelse til å utkomme lenger.

Forskudds innbetalt kontingent kan ved henvendelse til ekspedisjonen, Østerhausgt. 3 III, om ønskes, fåes tilbake. Hvis ikke går pengene til misjonen. Skyldig kontingent mottar vi med takk.

Vi ber våre venner fremdeles huske på misjonens sak.

Hilsen med 2. Cor. 3, 4-6.
Guds nåde og fred i Jesus Kristus.

Redaksjonen.

Vinderen, mars 1942.

Eders
Chr. Valen.

*1) Faksimilen viser redaksjonens oppfordring i 1942 til leserne om å gi til kjenne hvis de ønsket å få refundert abonnementet etter at bladet ble forbudt. Historien vet å berette at det ikke kom ett eneste krav ......*




*2) Den første årgang hadde navnet Det Norske Missions-Blad, men fra 1854 ble bladet det offisielle organ for Den Norske Israelsmisjon og fikk navnet Misjonsblad for Israel, — som det fremdeles heter.*

## «Gardtales i Orkdal»

Dei som skriv «Gardtales i Orkdal» er i full gang med å slutte av med skrivinga av bøkene.

Sume av skrivarane har teke opp bestilling på bøkene med ein gong, og sume har ikkje gjort dette. Da me ikkje kjenner til om kommunestyret vil gå god for noko opplag utover dei som er bestilt, vil det beste vera at dei som bygger og bur i Orkdal bestiller boka no.

Pris for begge bøker er kr. 150,— og for ei kr. 75,—.

Skriv eller ring til nokon i arbeidsnemnda som er fylgjande:

Knut Liøkelsøy, telef. 84153 — Jon Asphjell, telef. 82320. Sig. Kvaale, telef. 82583. Arnt Vormdal, telef. 80169, og til kassereren, Helga Morken, adr. 7300 Orkanger. Eller Bøkerne tinges hos skrivarane.

Fra Arbeidsnemnda — *Knut Liøkelsøy* form.



## Utdrag av regnskapet for Orkdal menighetsblad for regnskapsåret 1. januar til 31. desember 1978

| | | | |
|---|---|---|---|
| a. Inntekter: | | b. Utgifter: | |
| 1. Gaver til bladet | kr. 44418,65 | 1. Trykkingsutgifter | kr. 35084,15 |
| 2. Annonser | kr. 5650,00 | 2. Bladporto | kr. 9951,30 |
| | | 3. Administrasjonsutgifter | kr. 1073,70 |
| | | *Driftsoverskott* | kr. 3959,50 |
| | kr. 50068,65 | | kr. 50068,65 |

*Status pr. 1. januar 1978.*

| | | | |
|---|---|---|---|
| A. Aktiva: | | B. Passiva: | |
| 1. Aksjer i Svorkmo Prenteverk A/S | kr. 10000,00 | 1. Gjeld | kr. 0,— |
| 2. Diverse krav | kr. 25199,90 | 2. Nettoformue (egenkapital) | kr. 39813,93 |
| 3. Postg.konto 3 26 87 29 | kr. 4614,05 | | |
| | kr. 39813,93 | | kr. 39813,93 |

*Status pr. 31. desember 1978.*

| | | | |
|---|---|---|---|
| A. Aktiva: | | B. Passiva: | |
| 1. Aksjer i Svorkmo Prenteverk A/S | kr. 10000,00 | 1. Gjeld | kr. 0,— |
| 2. Diverse krav | kr. 33015,70 | 2. Nettoformue (egenkapital) | kr. 43773,43 |
| 3. Postg.konto 3 26 87 29 | kr. 654,58 | | |
| 4. Kontanter | kr. 103,15 | | |
| | kr. 43773,43 | | kr. 43773,43 |

*Kapital konto*

| *1978* | *Debet:* | *Kredit:* |
|---|---|---|
| Nettoformue pr. 1. januar | | kr. 39813,93 |
| Nettoformue pr. 31. desember | kr. 43773,43 | |
| *Driftsoverskott* | | kr. 3959,50 |
| | kr. 43773,43 | kr. 43773,43 |

7320 Fannrem den 11. januar 1979.
*Einar Garberg*
kasserer

Regnskapet revidert og funnet i orden.
Fannrem 22. jan. 1979.
*Ivar K. Gangås,* *E. Singstad.*

## Kjæraste ven

*Kjæraste ven du som vildrar ikring,*
*leitar deg glede av jordbundne ting,*
*å, om eg kunne få stansa din veg,*
*for Meisteren er her og kallar på deg.*

*Ha vil deg kalla til innsats og verk,*
*forma ditt hjarte og gjera deg sterk,*
*gjeva deg sæle og fred på din veg.*
*Sjå Meisteren er her og kallar på deg.*

*Verda si glede trulaus og tom.*
*Løna du venta, den eig ikkje rom.*
*Freden du vona var langt frå din veg,*
*men Meisteren er her og kallar på deg.*

*Vit da min ven før du gløymer*
*det reint:*
*Eingong kan svaret ditt koma for seint.*
*Gå ikkje lenger på vinglande veg:*
*Sjå Meisteren er her og kallar på deg.*

Ukjend forf., omsett av K.R.

---

**Geitastrand sokneråd**

har frå ei ektepar som vil være anonyme, fått **kr. 10.000,—.** Gaven ønskes brukt til høreapparater i kyrkja.

Vi er særs takksame for den fine gaven.

**G.K.**

---

Monset/Øyum speidarforeldreforening takkar alle som ga gevinstar til utloddninga på samlaget 28. april.

**Svorkmo Prenteverk A/S**

**Vend Dykk til oss når det gjeld trykking av blad, tidsskrifter, forretningstrykk m.m.**

**Telf. og post: 7330 Svorkmo.**

Kjolen
finner De hos

Dagny Korsli A.s

BARDSHAUG

Tlf. 80 395

## Gåver til bladet

*7300 Orkanger:*

A. o gA. Rønning 20. Målfrid Bakken 15. Anne By 15. Vernes Svensson 20. Anne Elefsen 20. Marry Sneve 20. Anne og Arnt Sundli 20. M. og E. Hoff 20. Borghild og Trygve Melby 25. Oline og Konrad Sætre 20. Gerda Reitan 10. Wally og Erling Walstad 20. Tora og John Solberg 20. O. F. 50. O. og J. Bakken 20. Anna og Olaf Oddli 20. Johanna Venes 20. Margit Vangen 10. I. og O. Blåsmo 20. Astrid og John Haugen 20. Kåre og Marie Sæter 30. Margit Breunig 10. Eline Gjøås 20. N. Hepsø 20. Alette og Lars Meland 20.

*7310 Gjølme:*

Mary og John Dørdal 20. Anna Svee 10. Karen S. Meland 20. Peder Aasen 25.

*7320 Fannrem:*

Jon Ljøkjel 30. Anders P. Kvaale 20. Marit Haugem 30. N.N. 30. Arne Solhus 30. Åsta Lefstad 20.

*7330 Svorkmo:*

N.N. 50.

*7374 Geitastrand:*

Johannes Angen 20. Erling Sletvold 20. Inger Isdal 20. Emma og Kr. Sletvold 50.

*7383 Rindalsskogen:*

Jorunn og Even Sinnes 25.

*Utanbygds:*

Andrea Tungen, Gartnerhaugv. 6 B, 7000 Tr.heim 20. R. Sommervold, B-124, Moholt Studentby, 7000 Tr.heim 20. Johanna Vilvang, 7585 Elvarli 15.

Gåver til bladet i april i alt kr. 980,-.

Hjarteleg takk!

# *Kort koseprat med ein av våre eldre*

Sigrid Mælen sit og ser ut av solvindauget sitt som eg kjem inn til ho på sjukeheimen.

Eg kjende bilen din — seier ho — men eg ansa ikkje at du kom. Eg såg han berre der.

Du kjenner vel dei fleste bilar som står her ute jamt du?
Du kan skyna eg gjer det. Vi må da ha noko tidtrøyte.

Sist eg var her skulle du fortelja meg noko frå barneåra — men så laut eg gå — — —?

Ja' du song ein salme Per Nordsletten hadde laga. Han opplevde eg som småjente — fleire gonger: Han hadde fast tilhald hjå farbror min — Ola Tuflott oppi Tuflotta. Folk gjekk lange vegar for å høyre han og alltid vart nye mennesker vakt på samlingane hans: Eingong han var der — vart det slik overhendig vind at eg hugsar farbror min ville avlysa samlinga om kvelden: Nordsletten ønskte no helst at dei som ville — måtte få koma. Utpå ettermiddagen auka stormen til full orkan. Ja, slik står det no for minnet åt ei som dengongen var småskolejente: Iallefall flådde vindkasta av heile taket på vestsida av huset og la det ned i gardstunet: Men etter det blikka været seg og stuene på Tuflotta vart heilt fulle den kvelden også. Farbror som var snekkar fekk stort arbeid med å legga nytt tak.

Det var sanneleg ei ekstra hending å minnast. — Du har vel fleire småminner slik, du?

Ja, du veit heimen min låg nemme stasjona han, og der for det mange innom. Ein vinter var det møteveke i Megarden for indre sjømannsmisjon. Mor mi var formann der. Emissæren — eg hugsar diverre ikkje namnet — budde hjå oss. Ein kveld hadde det vore basar og da hadde emissæren spurd om nokon kunne skaffa han ein gammelost: han skulle nordover straks etter for å bestyra ein sjømannsheim under feskeria — så ville han gjerne ha ein gammelost med seg. Dagen etter kom ho — — — — — — (Ja, du må ikkje skriva namnet)med ein ost. Emissæren var ikkje inne — så mor tok berre imot den. Seinare gjekk det ikkje likare til enn at osten ikkje var betalt da emissæren for nordover. Ho som hadde levert osten kom til mor og gret. Ho hadde no rekna med ein sjelling for osten. Helst så var det heile ei misstyding: Framandkaren hadde vel trudd at han fekk osten. Eg hugsar at mor samla skillinga saman — så osten vart betald: Ja, slike hendingar skyner ikkje folk som veks opp, men slik var tida. Pengar var mangelvare for alle.

Sigrid sjølv har heile sitt liv vore med i ytre sjømannsmisjonsarbeidet i Fannrem forening. På mitt spørsmål om kvifor ho ikkje vart med i mors forening får eg høyra at det vart berre slik. Kanskje var det helst at heimen skulle vera representert i begge foreningar.

Før eg går — så syng vi saman og ber saman, og vi synes mest det er helg på rommet til Sigrid.

*K. R.*

## *Gi meg en blomst*

*Gi meg en blomst mens jeg lever,*
*så øyet kan frydes derved,*
*Mitt øye ei skuer de blomster*
*du legger på kisten ned.*

*Gi meg et smil mens jeg lever,*
*kom mot meg morstående mild.*
*Når først du har lagt meg i graven*
*så trenger jeg ikke dertil.*

*Elsk meg medens jeg lever,*
*ti hjertet om kjærlighet ber.*
*Har døden først lukket mitt øye*
*behødves det ikke mer.*

*Gråt ikke over min kiste,*
*de tårer ei bringer fred.*
*Du burde langt heller spare*
*meg mang en tåre som sved.*

## Orkanger menighet

**Orkanger indremisjon**

Besøk av Bernt Sveås:

22. juni, møte hos Kristoffer Singstad kl. 20.00.

23. juni. Tur til Bakksætra. Ta med mat og kopp. Se nærmere i avisa om avreise-tid. Hele familien velkommen.

24. juni. Møte hos Odd Knudsen, Gjølme, *kl. 18.00.* Merk tiden!

## 90-ÅRSFEST I ORKANGER INDREMISJON

22. april var Orkanger bedehus pyntet til fest i anledning 90-årsdagen for indremisjonsforeningen.

Bedehuset var fullsatt av en festkledd forsamling som fikk en trivelig og god kveld sammen.

Kristoffer Singstad ga oss et tilbakeblikk over foreningens virke i fra starten av og inntil i dag.

Gerd Aamot hadde skrevet en fin prolog som hun selv leste, og som gledet den store forsamlingen.

Kretsformann Tormod Bakken holdt festtalen og fru Aasta Bakken deklamerte «No livnar det i lundar» samtidig som hun viste fram årets første blåveis.

Det var mange hilsener fra de forskjellige foreninger i bygda og fra prost Kaare Rogstad og kalls.kap. Audun Berg Slettahjell.

Det var Orkanger musikklag og Liv Alfer som sang under festen.

Vi fikk deilig servering, snitter og bløtkake, som kvinneforeninga hadde sørget for.

Vi ble minnet om den store tjeneste vi har fått av Gud og på en slik dag ser vi også tilbake på det Gud har fått gjort gjennom nettopp denne arbeidsgren her på Orkanger. Da må vi takke Gud for dem som var villige og fulgte kallet. Så må vi som står i arbeidet i dag løfte blikket oppover til han som er arbeidsgiveren og be om kraft til å føre arbeidet videre til fornyelse og til frelse.

Festen ble ledet av formann Ann-Elin Slettahjell og distriktssekr. Toralf Aune avsluttet den fine festkvelden.

Indremisjonen vil få takke for alle gaver og blomster i anledning jubileet.



SØLVVARER
til
BARNEDÅP BRYLLUP
KONFIRMASJON
Gullsmed
John Røhme
7300 Orkanger

G. Ingebrigtsen Eftf.
DAGLIGVAREFORRETNING
7310 GJØLME
Tlf. 80 153

DISTRIKTSBANKEN
MED STORBANKENS
FORDELER



Forretningsbanken a/s

# KIRKE I OPPBRUDD

Kirken har lenge vært i oppbrudd. Vi har gått fra embetskirke til menighetskirke, fra folkekirke til kirke for folket.

Samtidig merkes en stadig akselererende oppløsningsprosess i båndene mellom kirke og samfunn. De mange gnisningene forteller om kulturskifte i Norge, en langsom, men sikkert verdiprosess. Eksempel: Abortlovgivningen, debatten om formålsparagraf i barnehagene, embetsmenn som står frem og antyder bruk av lov for å gripe inn i indre-kirkelige forhold, antydninger om at Bibelens verden må svartelistes for barn, manglende respekt for menneskers krav på personvern og for livssynsoppfatninger.

Ulike «åndelige familier» må nå lære å leve sammen innenfor demokratiet. Både sosialt og mentalt fører dette til mange slags forvirring. Oppløsningsprosessen får følger for vår kultur. Kristendommen som kultur og verdibærer har tilført vår vestlige tradisjon bunnløse rikdommer av menneskekunnskap, selvforståelse og sannhet, også på områder som vi ikke umiddelbart vil forbinde med evangeliets impuls. Vi kan ikke ta bort et fundament uten at huset som er bygd på det, vakler. Dette er et alvor som både troende og ikketroende nå må sette seg ned å drøfte med felles interesser langt på vei.

Men hva betyr dette for kirkens selvforståelse? Det betyr at den må bryte opp og gå videre fra statskirke til bekjennelseskirke, og det temmelig raskt skal den ikke bli en åndelig selvbetjenings-automat. Det betyr ikke øyeblikkelig skille mellom kirke og stat. Men forutsetningene for fortsatt kontakt må avklares. Kirken selv må ta ansvar for alt kirkens liv og kirkeledelsen må overlates til kirkelige organer.

Bekjennelseskirken vil bety avskalling og frontforkortelse. Vår kirke står i dag på mange måter i en misjonssituasjon tilsvarende oldkirkens. Det viser både daglig erfaring og vitenskapelige undersøkelser. Undergravningen av kristendommen i dagens verden viser seg ikke på den måten at folk forkaster troen; å se til er den der i beste velgående. Den bare opphører å bestemme folkets liv. Nøtten er hel og fin. Men kjernen mangler. Samfunnet kan ikke lenger påberope seg «kristne grunnverdiene» og samtidig undergrave dette etiske grunnlag i lovgivningen.

Vi kan nå sirkle inn det egentlig problem vi får å hanskes med i tiden fremover. Hvordan skal vi verne om kirkens hellig-

Orkel — et kvalitetsprodukt
Maskiner og redskaper for landbruket



JOH. GJØNNES
MEK. VERKSTED - JERNINDUSTRI
7320 Fannrem - Tlf. 82 375

*En hilsen fra hverdagslivet.*

# *Jeg møtte Gud i kirken*

Helt siden påsken i år er jeg blitt minnet om å skrive om dette. Nå får jeg ikke fred for denne indre stemmen lenger.

Det var skjærtorsdag, og jeg hadde i noen dager følt at mitt forhold til Gud begynte å gli bort. Jeg var fortvilet. — Da tiden nærmet seg gudstjenesten skjærtorsdag tok jeg kåpen på, like motløs og gikk til kirken. På den benken jeg satte meg, satt en dame. Vennlig begynte hun å snakke med meg. Hun hadde aldri vært i denne kirken før, og spurte prestenes navn osv. Hun bodde utenfor Oslo, men var i byen i påsken og likte å gå i de forskjellige kirker.

Nå kom presten for alteret og vi måtte tie.

Ettr prekenen bød soknepresten velkommen til nattverd. Jeg gikk frem og **der! talte Gud til** meg og tok fra meg det som plaget meg. Jeg gikk glad og lykkelig hjem med takk i mitt hjerte.

Samme kveld var det nattverdgudstjeneste og jeg ble minnet om å gå. Damen traff jeg igjen på samme benk. Jeg hadde ikke tenkt å gå til alters igjen, men damen vendte seg til meg og sa: «Du gikk til alters i dag du!» **Ja,** vil du gå, sa jeg, nei hun hadde ikke **mot.** Jeg tok henne i armen, og sa, kom! Og vi gikk sammen opp.

Vi ble i følge ut, og hun fulgte meg et stykke nedover. Hun skulle i motsatt retning. Da vi skiltes ga hun meg en klem og sa: «Det var du som fikk meg til dette», glad og takknemlig. Noe var skjedd. — Jeg så etter henne og måtte bare si: «Takk, kjære Gud!» Kan denne beretning være til hjelp for andre i tvil, gå til kirken. Gud er der, han vil møte også deg.

Lykke til!

**H**

---

het samtidig som vi fortsatt vil bekjenne troen på «en allmenn kirke» med misjonsansvar? Kan vi tenke oss en kirkemodell som oldkirkens, med et forpliktende medlemsskap, med dåpen som inngangsport, og med en folkemasse omkring i «forgården» som misjonsobjekt og mulige dåpskandidater?

Visst skal kirken være kirke i og for folket. Men skal den være en sann kirke, får den aldri slå seg til ro, innrette seg. Israels ferd gjennom ørkenen er bildet på kirkefolkets vandring. Vår Gud er den Gud som åpner fremtiden for oss og oss for fremtiden.

**Magne J. Bergslid**

---

### For tru og tanke

En britisk vitskapsmann sa nyleg: Di meir eg arbeidar meg inn mot det sentrale i verdsmysteriet, di meir er det som eg høyrer hammerslaga åt Gud på æva sin ambolt.

---

Det er Guds natur å gjera noko av inkje. Dette er grunnen til at Gud ikkje kan gjera noko ut av det menneske som enno ikkje er inkje.

**(Luther)**

---

Den som ikkje vågar å stå for Gud, finn ikkje inn i trua si verd.

---

### Det muntre hjørne

En ung mann spurte en prest om han var en god kristen hvis han gikk mye i kirken.

Presten så på ham med glimtet i øye idet han svarte: «Du blir nok ikke hest fordi om du går inn i en stall, gutten min».

---

## Orkland menighet

**Eldres kyrkjesøndag**

Førstkomande søndag vert det kyrkjesøndag med korsang i kyrkja, nattverd og kyrkjekaffe like etter gudstenesta. La oss bli mange.

**Vårliv Svorkmo**

Fest på Svorkmo 17. juni kl. 19.00.

**Røddelaget**

Fest på Vormstad 19. aug.

**Bibeltime**

på Misjonshuset onsdag 20. juni kl. 20. v. Aasen: «Lovprisning i bønn».

---

## Lat oss gå i kyrkja

Det skulle vera naturleg for oss å gå i kyrkja. Der er skjedd så mykje som er knytt til vårt liv. Der vart vi døypte — vart eit Guds barn. Der vart vi konfirmerte og der vart ein vigd til han eller ho ein skulle dele livet med. Det lyser lykke og glede av desse hendingane.

Men det hende også at sorga ramma oss. Med eit sorgfylt hjarta sat vi kring ei blomeprydd båre. Det var ein kjær som no skulle få den siste kvilestaden. Dette skulle atter vera med å trekka oss til kyrkja. Det er ei kjær grav vi skal stå ved, kanskje fars, kanskje mors — desse som vi heidra ut over døden fordi dei gav oss så mykje.

Og i kyrkja møtte vi alltid Gud i song og i tale. Han som vi innerst inne lengtar etter alle saman. I sitt eige hus vil han lata seg finna — for «Gud er her tilstede».

For ein kristen skulle det vera naturleg å gå i kyrkja. Ja, det er ein av dei mest viktige kristenoppgaver vi har. Det er mange gamle som lengtar etter atter å få vera i kyrkja, men alder og skral helse hindrar dei. Men dei lengtar — dei gjekk i kyrkja og no veit dei og kva dei fekk der.

Lat oss gå i kyrkja — unge som eldre. Der finn hjarta sin ro — der møter vi den andakt og høgtid som menneskesjela treng. Ja, lat alle gå heim, for kyrkja er jo den store felles heimen vår.

**Arne Frivold**



# „Aldri sett maken til mot"

Max Manus har reist Jorden rundt og er kommet hjem — som misjonsvenn!

Voksne som husker de spennende aksjoner Max Manus var med på i krigsårene, forstår å legge vekt på betegnelsen «verdens modigste mennesker» når det er han som kommer med den. Og det er **misjonærene** han sikter til.

— Det var en opplevelse for meg å treffe misjonærene, — en «yrkesgruppe» som jeg **ikke har** hatt det ringeste kjennskap til. Aldri vil jeg glemme Santalmisjonens folk i Amnura, en dagsreise fra Dacca. Misjonsprest Hans Øverby og hans kone Kirsten, barna Trygve, Anne og Jørn, samt sykesøster Åse Hellebust og lærer Martha Irene Eriksrød. Den danske pensjonerte misjonæren Lis Krohn og hennes fenomenale innsats for de syke gjorde også et sterkt inntrykk på meg, sier Max Manus til Aftenposten.

— Vi startet fra Dacca kl. 5 om morgenen og nådde fram til misjonssentret ved 19-tiden om kvelden. Alle broer var sprengt, så vi kjørte lange stykker i uttørkede elveleier. Det er fantastisk hva disse mennesker yder, de er særlig effektive fordi de kan sproget, kjenner folket, elsker folket —og er kalls-bevisste.

— Det er merkelig og utrolig at jeg ikke har «oppdaget» misjonærene før, fortsetter Max Manus. Det jeg nå har sett i Bangladesh og i Hongkong, har åpnet mine øyne for betydningen av det uselviske arbeide de utfører. Dessuten har jeg sett hvor meget mer de får ut av betrodde midler enn andre. Det gjelder ikke minst misjonær **Agnar Espegren i Hongkong, — han er virkelig en stor mann, som jeg uten betenkning ville gitt Nobelprisen.** Jeg har aldri opplevet maken til mot!

— Er det noe spesielt De sikter til?

— Jeg tenker særlig på den ro og sikkerhet han viste under vandringene i Walled City, hvor seksti tusen av jordens verste bermene har hopet seg sammen i en slumjungel. Jeg var engstelig i de smale smug hvor vi vasset i kloakkslam og ekskrementer, men Espegren gikk trygt gjennom mørke portrom og gjennom fryktelige narkotikahuler.

*God*

*sommer*



*ønskes til*

*alle bladets lesere!*

*Red.*

## *GÅVER til bladet*

*7300 Orkanger:*

Martin O. Røhme 15. Lovise og Ole Skar 20. Åsgerd og Mikal Krokdal 100. Nanfrid Røhme 20. Margit Rømme 20. Mildrid og Kjell Andreassen 20. Arne G. Martinsen 20.

*7310 Gjølme:*

Karen S. Meland 20.

*7320 Fannrem:*

Ida Snøsen 20.

*7330 Svorkmo:*

Ingeborg og Alfred Østhus 25. Skjaldvor Asbøll 15. Anders Solem 20. Magnhild Rye 20. Sverre Lystad 15.

*7334 Hoston:*

Maret og Odvard Gimse 25.

*Utanbygds:*

Gudrun Kvam, 7550 Hommelvik. Ellen Richter, Tyrihansvn. 2, 7050 Charlottenlund 20. Eli Selbæk, Dronningens gt. 45, 7000 Trondheim 20. Kari-Ann Røen, 2033 Åsgreina 25. Synnøve Aaknes, 7177 Revsnes 10.

Gåver til bladet i mai i alt kr. 475,-.

Hjarteleg takk.

---

**ORKDAL MINNEFOND**

De får blankettar hos:

Gunnar Melås, Kåre Gjønnes, Johan Fagerholt, Ane Øyasæter, Harald Metliås, Einar Bjørndal, H. Sivertsen, Borghild Asphjell, Dagny Korsli, Harald Hukkelås. Bankane. Alfhild Engen.

**ORKLAND MINNEFOND**

Blankettar hos:

Klara Aamot, 7330 Svorkmo.

**ORKANGER MINNEFOND**

Blankettar hos: Harald Hukkelås Bankane.

**GEITASTRAND MINNEFOND**

Blankettar hos:

Gunerius Kjøren

# VELKOMEN TIL KYRKJA

*17.6 2. s. e. Pinse*
Orkanger k. kl. 11
Høgmesse v. prost Rogstad. Offer til prostiets eldrekurs.
*Gjølme bedehus kl. 11*
Gudst. møte v. kalls.kap. Slettahjell.

Høgmesse i Moe kyrkje ved res.kap. Aasen. Offer til Israelsmisjonen. Eldres kyrkjesøndag. Nattverd.

*24.6 3. s. e. Pinse*
Orkdal k. kl. 11
Høgmesse v. prost Rogstad. Nattverd. Offer til prostiets eldrekurs.

Geitastrand k. kl. 11
Familiegudst. v. sokneprest Yngvar Nilsen. Offer til Norsk Søndagsskoleforbund. Buss frå Råbygda.

Moe k. kl. 11
Familiegudst. v res.kap. Aasen og skolesjef Kåre Næss Thomassen. Offer til Norsk søndagsskoleforb.

Orkanger k. kl. 11
Familiegudst. v. kalls.kap. Slettahjell og kretssekr. Olav Hjelle. Offer til Norsk søndagsskoleforb.

1.7 Orkdal k. kl. 11
Høgmesse v. kalls.kap. Slettahjell. Offer til Menighetsarb.

Gudstenesteleg møte i Risan kl 11. hos Arnt Lomundal v. res.kap. Aasen.

8.7 Orkdal k. kl. 11
Høgmesse v. res.kap. Aasen og tilreisande talar. Nattverd. Offer til Norsk Gideon H.K.F. (de har landsmøte i Børsa).

Orkanger k. kl. 11
Høgmesse v. kalls.kap. Slettahjell og tilreisande talar. Offer til Norsk Gideon H.K.F.

15.7 Moe k. kl. 11
Høgmesse v. res.kap. Aasen. Offer til Kristen videregående skole Trøndelag. Nattverd.

22.7 Orkanger k. kl. 11
Høgmesse v. res.kap. Aasen. Nattverd. Offer til menighetsarbeidet.
Geitastrand k. kl. 11
Lekmannsmesse v. kateket Solem. Offer til menighetsarbeidet. Buss frå Råbygda.

29.7 Orkdal k. kl. 11
Olsokmesse v. spr. Olsen. Offer til barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden.

5.8 Orkanger k. kl. 11
Høgmesse v. spr. Olsen. Nattverd. Offer til Modum bad nervesanatorium.

12.8 Orkdal k. kl. 11
Høgmesse v. spr. Olsen. Nattverd. Offer til Blå kors.

Moe k. kl. 11
Høgmesse v. kalls.kap. Slettahjell. Offer til Dronning Mauds minne.

19.8 Geitastrand k. kl. 11
Høgmesse v. kall.kap. Slettahjell. Nattverd. Offer til kyrkjelydens arbeid blandt barn og unge. Buss fra Husdalen.

Orkanger k. kl. 11
Høgmesse v. spr. Olsen. Nattverd. Offer til nytt menighetshus.

26.8 Orkanger k. kl. 11
Høgmesse v. res.kap. Aasen. Offer til ungdomsarbeidet. Nattverd.

Bakkseterstevne kl. 11.
Gudst. møte v. kalls.kap. Slettahjell. Offer til misjonsselskapet.

2.9 Orkdal k. kl. 11
Høgmesse v. res.kap. Aasen. Nattverd. Offer til kyrkjelydens søndagsskoler.

Orkanger k. kl. 11
Høgmesse v. kalls.kap. Slettahjell. Nattverd. Offer til menighetsarbeidet.

9.9 Orkdal k. kl. 11
Høgmesse v. res.kap. Slettahjell. Offer til Norges kr. Student- og skoleungdomslag.

Moe k. kl. 11
Høgmesse v. res.kap. Aasen. Presentasjon av konfirmantane. Offer til ungdomsarbeidet.

Trenger du trenings- drakt og joggesko?

SPORT

A. Todal's Eftf.

Tlf. 80 278
Orkanger.

**KLIPP UT!**

## Ferien til prestane

Prestane har ferie i tidsrommet 2.7 - 28.8.
Kåre Rogstad 2.7 - 22.7 22.8 - 28.8.
Per Solem 23.7 - 12.8.
Bertel Aasen 23.7 - 12.8.
Audun Slettahjell 10.7 - 6.8.
Da har prestekontora følgjande kontortider:

Orkdal sokneprestkontor
tirsdag og fredag 10-12. Tlf. 82 142.

Den gode hyrdes kapell
onsdag 10-12. Tlf. 80 671.

Prestekontoret Svorkmo
torsdag 10-12. Tlf. 84 188.
Treng du treffe prest ein dag det ikkje er kontortid i ditt eige sogn, kan du ringe eller besøke eitt av dei andre kontora når presten er tilstades der.

Sendt av:

ADR.:

| KRONER | ØRE |
|---|---|
| | |

**Jeg ønsker byggekloss á**

- ☐ 1000 kr.
- ☐ 100 kr.
- ☐ 50 kr.
- ☐ 25 kr.

POSTGIROKONTO

3 67 54 36

POSTGIRO

Bl. 560

DATOSTEMPEL

# POSTGIRO-INNBETALINGSKORT

Sendt av:

ADR.:

TIL FRIMERKE

| KRONER | ØRE |
|---|---|
| | |

TIL

Søvasskjølen Fjellkirke

**Vedlegg til Orkdal menighetsblad nr. 6/79**

ADR.:

7310 GJØLME

POSTGIROKONTO

3 67 54 36

INNBETALINGSNUMMER

DATOSTEMPEL

KVITTERING

DATOSTEMPEL

| KRONER | ØRE |
|---|---|
| | |

er innbetalt til

Søvasskjølen Fjellkirke

7310 GJØLME

POSTGIROKONTO

3 67 54 36

Ved reklamasjon må De vise kvittering

INNBETALINGSNUMMER

ØRE

PORTO

SIGNATUR